

OSTERØY KOMMUNE  
RÅDHUSET  
5282 LONEVÅG

## Kulturminnefagleg fråsegn – Bygning eldre enn 1850 - Søknad om dispensasjon, fasadeendring og tak over uteplass - Gnr 62 bnr 14, Osterøy kommune

Viser til brev datert 26.03.2020 vedkomande ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.


### Kva sak gjeld

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Haus sentrum del sør er definert som spesialområde, blanda føremål bustad/forretning som skal vernast - VERN B/F. I saka skriv de mellom anna at de i tidlegare korrespondanse med tiltakshavar har uttalt:

«Innanfor verneområde kan eksisterande bygg setjast i stand ved å nytta same målestokk, takform, fasadar, inndeling av vindauge, utforming av dører og vindauge, og materialbruk som i opphavelig bygg, jf. reguleringsføresegn § 9, nr. 9.2.2. Kommunen vurderer at fasadeendringa som er synt på motteke foto/teikning er i strid med reguleringsføresegn § 9 nr. 9.2.2, siden teikningane syner at det ikkje er nytta/skal nyttast same fasadar og inndeling av vindauge som tidlegare. Det er dermed krav om dispensasjon for fasadeendringar, oppføring av tak og skiljevegg.»

### Kulturminnefagleg fråsegn

Haus sentrum er ein del av kyrkjesteden Haus som har regional og nasjonal kulturminneverdi. Mellomalderkyrkjegarden er freda etter kulturminnelova, mens resten av Haus sentrum er regulert til vern etter plan- og bygningslova for å sikre kulturminneinteressene.



Utklipp frå kulturminnedatabasen  
Askeladden viser freda mellomalderkyrkjegard merkt med raud og kyrkja og enkelte bygningar merkt med raud (bygning eldre før 1850) og gul trekant (eldre bygning før 1900) registrert i SEFRAK-registeret.

Omsøkt tiltak på gnr. 62, bnr. 14 merkt med grønt har raud trekant, SEFRAK-ID: 1255-0026-011 og er eldre enn 1850.

Seksjon for kulturarv kan ikkje sjå at det føreligg god nok dokumentasjon som skildrar kva konsekvensar det omsøkte tiltaket vil få for sjølve bygningen som kulturminne og for kulturmiljøet i Haus sentrum. Det er difor ikkje mogleg for oss å vurdere dispensasjonssøknaden.

Då bygning er eldre enn 1850 er tiltaket meldepliktig, jf, kml § 25. Kommunen pliktar å sende søknad av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 til fylkeskommunen seinast fire veker før søknaden vert avgjort.

### Konklusjon

Vi forstår at det omsøkte tiltaket allereie er gjennomført. Vi ber difor om å få tilsendt dokumentasjon som viser kva som er gjort, for å kunne vurdere dispensasjonssøknaden og gje råd om tilbakeføring eller tilpassing som tar omsyn til regionale kulturminneinteresser og som er i tråd med reguleringsføreseggnene.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar

Helene Moe  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*